

BAKSIDA

TIPS OSS! **916 20 916**

nordhordland.no

Send gjerne bilde, tekst og video frå der du er. E-post: redaksjonen@nordhordland.no

Tlf: 56 35 55 55 Tipstelefon: 916 20 916. SMS/MMS: NHTIPS til 2005

Les Nh+ på nett. Registrer deg på nordhordland.no for å få tilgang.

Streifararar i Sæbøvågen

Det var reine folkevandringa til Streif i Sæbøvågen 1. mai, med turar, sjørøvertokt, fiskesuppe og kystkultur.

ARTHUR KLEIVELAND
redaksjonen@nordhordland.no

- Det vart ein fantastisk dag på i Sæbøvågen, med utruleg mykje folk i finveret, seier Evy Bjørvik Dame i Keipane kystlag. Ho trur det må ha vore over 400 menneske innom Slippen.

Svenske sjørøvarar

To ekte sjørøvarar frå Sverige kom tilbake i år og. Det vart ei sjørøvertokt med robåtane til kystlaget og skattejakt på land. Riktig gøy for alle om bord. Litt skummelt var det også.

Den store sjørøverskuta er nyleg tjørebreidd og kunne ikkje brukast denne gongen.

For den yngre garde var krabbedammen svært populær. På grunn av sjukdom måtte hesteringa denne gongen gå ut.

Inne på Slippen var det kafé, med mellom anna heimelaga fiskesuppe med sjølvfiska fersk sei. Barna kunne også få laga seg eigne kanelnurrer/pinnebrød på bålpanna.

80-åring med motorsaga

Inne på land var det også torgdag og loppis. Ein av de store attraksjonane var Ester Samuelsen på 80 år. Ho svinga motorsaga og laga dei fantastiske skulpturane på eit augneblick. Imponerende.

Dei frammøtte fekk også ei god innføring om oselveren, ein viktig farkost for mange i fjordane våre i gamle dagar. Kjell Magnus Økland heldt foredrag og presenterte den flotte oselver-boka si.

Hovudturen i år gjekk frå Vetås til Sæbø, med Rolf Tarlebø som guide, med ca 60 turdeltakarar. Ein runde i Sæbøvågen var det Aud-Hilde Råheim som tok seg av.

Som vanleg var det også darts konkurranse med flotte premiar for både barn og vaksne. I tillegg vart det premiering på startnummer for dei som gjekk tur. Jon Askeland vann hovudpremien, ei hagehøne som Ester Samuelsen hadde skore ut.

- Det er ei glede å sjå kor folk kosar seg både på land og sjø, seier Evy Bjørvik Dame.



DARTPREMIE: Torbjørn Sundal Nordbakk fekk fruktkorg etter siger i darts konkurranse. - Ei stor takk til nærbutikkar som stiller med gevinstar, seier Evy Bjørvik Dame.

ALLE FOTO: ELIN MADELL



PERFEKT RAMME: Vêret kunne knapt blitt betre under Streif-arrangementet i Sæbøvågen 1. mai.



HØNE I PREMIE: Kvar mann si høne, er eit velkjent sitat frå Lars Sponheim. Radøy-ordførar Jon Askeland fekk hagehøne i premie trekt ut på startnummer mellom turdeltakarane.